

Fylkesrådet for eldre har fylgjande uttale til samferdsleavdelinga frå møte 6. september:

«Fylkesrådet for eldre har registrert at rutehefte ikkje lenger vert produsert. Leiaren i fylkesrådet har motteke henvending frå eldrerådet i Flora, der det vart gjeve tilbakemelding om at det var fleire som hadde problem med å finne ruteopplysningar. Fylkesrådet for eldre har registrert at det i fleire kommunar er vanskar med å finne fram til ruteopplysningar (dette gjeld ikkje berre dei eldre). Fylkesrådet for eldre oppfordrar til at samferdsleavdelinga går tilbake til den tidlegare ordninga med rutehefte».